

SAKSPAPIR

| Saksnr | Utval | Type | Dato |
|--------|---------------|------|------------|
| 016/17 | Formannskapet | PS | 23.02.2017 |
| | Kommunestyret | PS | |

| Saksbehandlar | ArkivsakID |
|----------------|------------|
| Hogne Haugsdal | 16/2691 |

Eingongstilskot til kommunalt vedlikehald 2017 – prioritering av tiltak i Lindås kommune

Vedlegg :

Eingongstilskot til kommunalt vedlikehald på Sørlandet og Vestlandet - veg og kommunale byggeigedom (L)(234965)Fordeling tilskot (L)(234967)Epost frå kyrkjeverje 13.02.17Søknad om eingongstilskot til vedlikehald av kyrkjebyggPlan for vedlikehald av kyrkjer i Lindås 2016 - 2019Brev frå kyrkjeleg fellesråd_ datert 29.06.16

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Eingongstilskotet til kommunalt vedlikehald 2017 på kr 2.742.000 blir prioritert på følgjande måte:

| | |
|--|-------------|
| Tiltak for å utbetre Knarvik stadion, mellom anna til NM i friidrett 2017 | 900.000kr |
| Reparere gjerde ved grusbane Lindås ungdomsskule, ferdigstille utegardarbar ved Lindåshallen, isolere og plate areal i Lindåshallen som ikkje er innreia | 450.000kr |
| Senke vasstanden ved Hillandsvannet | 140.000kr |
| Ekstern byggeleing | 300.000kr |
| Fendring av slusekammeret til Lindås sjøsluser | 380.000kr |
| Diverse vedlikehald på ulike kommunale idrettsanlegg | 200.000kr |
| Vedlikehald kyrkjebygg | 372.000kr |
| SUM | 2.742.000kr |

Formannskapet - 016/17

FO - behandling:

Orientering til saka v/ass.rådmann Hogne Haugsdal

Endring til rådmannen sitt framlegg:

Endring i kolonne 1 til kr. 500.000 og kolonne 2 til kr. 150.000.

Nytt punkt: Bytte armatur på lysa på kunstgrasbane i Knarvik kr. 700.000.

Rådmannen sitt framlegg med endringar vart samrøystes vedteke.

FO - vedtak:

Eingongstilskotet til kommunalt vedlikehald 2017 på kr 2.742.000 blir prioritert på følgjande måte:

| | |
|---|--------------------|
| Tiltak for å utbetre Knarvik stadion, mellom anna til NM i friidrett 2017 | 500.000kr |
| Reparere gjerde ved grusbane Lindås ungdomsskule, ferdigstille utegarderobar ved Lindåshallen, isolere og plate areal i Lindåshallen som ikkje er innreia | 150.000kr |
| Senke vasstanden ved Hillandsvannet | 140.000kr |
| Ekstern byggeleing | 300.000kr |
| Fending av slusekammeret til Lindås sjøsluser | 380.000kr |
| Diverse vedlikehald på ulike kommunale idrettsanlegg | 200.000kr |
| Vedlikehald kyrkjebygg | 372.000kr |
| SUM | 2.742.000kr |

Nytt punkt: Bytte armatur på lysa på kunstgrasbane i Knarvik kr. 700.000.

Saksopplysningar:

Saka skal til innstilling i formannskapet

Saka skal avgjerast i kommunestyret

Bakgrunn:

I statsbudsjettet for 2017 er det vedtatt eit øyremerka eingongstilskot til kommunar på Sørlandet og Vestlandet på 650 mill. kroner, til vedlikehald og rehabilitering av veier, bygg og anlegg som er eigd av kommunen, kommunalt føretak eller kyrkjeleg fellesråd. Tilskotet blir gitt til kommunar med høgare arbeidsløyse enn landsgjennomsnittet. Lindås kommune er tildelt kr 2.742.000 basert på ei ramme på kr 400 mill. Fordelinga av den resterande ramma på kr. 250 mill. vil bli vurdert nærare i løpet av mars månad, sett i lys av den faktiske utviklinga i arbeidsløysa.

Tildeling av eingongstilskot til kommunalt vedlikehald er i all hovudsak den same ordninga som blei vedtatt i samband med revidert nasjonalbudsjett 2016. Lindås kommune fekk den gong eit eingongstilskot på kr 3.032.000 og prioritering av tiltak blei vedtatt i sak 63/16.

Midlane må brukast på prosjekt som kan starte i 2017, det betyr at kontrakt med entreprenør må vere teikna før utgangen av 2017. Midlane skal brukast til ekstraordinære tiltak som kjem i tillegg til allereie vedtatt prosjekt som ligg i vedlikehaldsplanen. Tilskotet skal nyttast til tiltak innan vedlikehald og rehabilitering av bygg, anlegg og vegar som er eigd anten av kommunen eller eit kommunalt føretak.

Tilskotet skal gå til kjøp av tenester og kan ikkje nyttast på prosjekt som blir utført av kommunen sine egne tilsette eller av kommunale føretak. Mellombelse tilsettingar i

kommunane av registrerte arbeidsledige vil ligge innafor ordninga. Tilskotet er avgrensa til vedlikehald og rehabilitering av eksisterande bygg, anlegg og vegar. Investeringar i nybygg og nye anlegg kan ikkje finansierast av tilskotet.

Dersom eit prosjekt delvis blir finansiert gjennom andre øyremerka tilskotsordningar, kan ikkje det same prosjektet bli finansiert av vedlikehaldstilskotet. Tilskotet skal i utgangspunkt fullfinansiere vedlikehaldsprosjekt ved kommunen sine kjøp av tenester. Ved tiltak som har større kostnadsramme enn tilskotet, kan kommunen supplere med egne midlar.

Vurdering:

Lindås kommune har årlege vedlikehaldsplanar på eigedom og veg. Eingongstilskotet kan ikkje nyttast til planlagt vedlikehald for 2017. Rådmannen ønskjer å prioritere ekstraordinære tiltak som i størst mulig grad kjem innbyggjarane til gode, med vekt på idrettsanlegg og friluftsområder. Det blir derfor lagt opp til å prioritere følgjande tiltak :

| | |
|--|-------------|
| Tiltak for å utbetre Knarvik stadion, mellom anna til NM i friidrett 2017 | 900.000kr |
| Reparere gjerde ved grusbane Lindås ungdomsskule, ferdigstille utegardarbar ved Lindåshallen, isolere og plate areal i Lindåshallen som ikkje er innreia | 450.000kr |
| Senke vasstanden ved Hillandsvannet | 140.000kr |
| Ekstern byggeleiing | 300.000kr |
| Fending av slusekammeret til Lindås sjøsluser | 380.000kr |
| Diverse vedlikehald på ulike kommunale idrettsanlegg | 200.000kr |
| Vedlikehald kyrkjebygg | 372.000kr |
| SUM | 2.742.000kr |

Kostnadane er estimert. Kommunen vil i stor grad nytte etablerte rammeavtalar for å gjennomføre tiltak og byggeleiing. Dette vil vere kjøp av eksterne tenester og soleis innanfor dei kriteriana som ligg for tilskotet.

I den politiske handsaminga av eingongstilskotet i 2016 blei det lagt inn midlar til vedlikehald av kyrkjebygg, basert på behov som Kyrkjeleg fellesråd hadde skissert. Ettersom det er politisk ønske om å prioritere nokre av midlane til kyrkjebygg, har rådmannen lagt inn ein sum på kr 372.000 til vedlikehald av kyrkjebygg. Kyrkjeleg fellesråd opprettheld dei vedlikehaldsprioriteringane som blei kommunisert 2016, med særleg vekt på Alversund kyrkje. Sjå vedlagt e-post frå kyrkjeværje.

Om Lindås kommune får tildelt vedlikehaldsmidlar i den resterande ramma på kr 250 mill, vil det bli lagt fram ei ny politisk sak med prioritering av nye prosjekt og tiltak. I følgje Kommunal- og moderniseringsdepartementet vil det kome ei avklaring på dette i løpet av mars